

Høyringsuttale

NOU 2023:9 Generalistkommunesystemet, Likt ansvar – ulike forutsetninger

**Høyringsbrev og – notat frå Kommunal og distriktsdepartementet datert 24.04.2023, vår ref.
23/434-2**

Frist: 01.10.2023

Innleiing

Direktoratet for e-helse skal bidra til å styrke digitaliseringa i helse- og omsorgssektoren ved å understøtte effektive og samanhengande helse- og omsorgstenester ved bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Nasjonal samordning og ein heilskapleg og føreseieleg e-helseutvikling er sentrale punkt i oppdraget. Nasjonal samordning og koordinering skjer frå direktoratets side i nært samarbeid med helseføretak, kommunar, fagmiljø, tverrsektorielt og mange interesseorganisasjonar.

Direktoratet vil rosa NOU-ens analyse av utfordringar som kommunane står ovanfor, det solide kunnskapsgrunnlaget som kjem fram frå utvalets arbeid og vurderingar av moglege tiltak. Helse- og omsorg er eit vesentleg område og sørge- for- ansvar som kommunane har. Berekraftsutfordringane (demografi- geografi- tilgjengeleg fagkompetanse- finansiering- underskot på helse- og omsorgspersonell- beredskap o.a.) er utførleg handsama.

Direktoratet for e-helse er et direktorat under Helse- og omsorgsdepartementet. Bruk av teknologi i helse- og omsorgstenesteytinga og kommunens rammer for digital transformasjon, innovasjon og omstilling er hovudelementa i vår uttale. Direktoratets mål med høyringsuttalen er å supplere kunnskapsgrunnlaget i NOU-en.

Digitalisering, innovasjon og omstilling

Direktoratet for e-helse stiler seg bak NOU-ens omtale om korleis generalistkommunen fungerer i dag (kap.5) og det som er skrive om utviklingstrekk (kap. 6).

Til delkapittelet om *Behov for innovasjon, omstilling og digitalisering* (kap. 6.7) vil vi forsterka bodskapen om at digital transformasjon, digital kompetanse, digital samhandling og bruk av teknologi i helsehjelpa er tema kommunane særleg må følgja opp. Digitalisering og bruk av teknologi er då også løfta fram som eitt av seks fokusområde i *Helsepersonellkommisjonens* tilrådingar i NOU 2023:4 *Tid for handling*.

NOU 2023:9 *Generalistkommunesystemet* har brukt helsepersonellkommisjonens rapport på ein god måte som referanse. I vår eigen høyringsuttale til kommisjonens rapport, har vi handsama digital transformasjon, digital kompetanse og digital samhandling for helse- og omsorgssektoren meir spesifikt. I denne høyringa omtalar vi bla. Digitaliseringsdirektoratets (Digdir) vegleiing og normering

på desse områda^{1,2}. Når vi nå gjev uttale til NOU 2023:9, er vår uttale til helsepersonellkommisjonen ein viktig referanse³- og som innspel for å styrke kunnskapsgrunnlaget.

Vi stiller oss bak utvalets omtale i kap. Til 14.3.7 *God styring og leiing* meiner vi at digital kompetanseheving både for politikarar, kommunal administrasjon og kommunalt tilsette er viktig. Både i den kontinuerleg vidare- og etterutdaninga og som tema for «livslang læring» i samarbeidet mellom bl.a. kommunane, helseføretaka og universitet- og høgskolesektoren.

Andre verkemedel og tiltak – nasjonalt samarbeid og vegleiing

Utvaret peikar på fleire tema som er viktig for fungerande generalistkommunar og eit velfungerande generalistkommunesystem i kap. 14. I delkapittel *Innovasjon, omstilling og digitalisering* kjem det fram at tenesteproduksjonen i kommunen er heilt avhengig av fungerande digitale løysingar. Utvaret seier: «...arbeidet med styring og koordinering av de nasjonale fellestjenestene bør styrkes, og tilføres mer midler slik at løsningene kan utvikles raskere og skaleres i takt med samfunnets behov. Kommunene bør bli en enda sterkere premissleverandør i arbeidet med utvikling av de nasjonale fellestjenestene» (kap. 14.3.11).

Direktoratet for e-helse viser til at samordning, involvering av relevante aktørar, styring og koordinering av e-helseområdet i helse- og omsorgssektoren allereie skjer på nasjonalt nivå.

Denne sektoren har om lag 17000 verksemder i ein kompleks styringsstruktur. Det er her eit stort behov for nasjonal konsensus om felles retning på e-helse/IKT- utviklinga i sektor med mål om ein «enklare kvardag» for innbyggjarar, helsepersonell og verksemndene. Aktørane har difor gått saman for å samordne innsats og skape større gjennomføringsevne på e-helseområdet nasjonalt, regionalt og lokalt.

Når det gjeld styring og koordinering av felles nasjonale e-helsetenester, vil vi særleg trekke fram:

- Nasjonal rådsmodell for e-helse (NUFA, NUIT og Nasjonalt e-helseråd)⁴
- Nasjonal e-helsestrategi (2023-2030)⁵
- Nasjonalt vegkart på e-helseområdet⁶
- Teknisk berekningsutval for nasjonale e-helseløysingar⁷

Berebjelkane i den digitale samhandlingsstrukturen i Noreg omfattar Helsenorge, kjernejournal, e-resept, meldingsutveksling, grunndata, kodeverk og helse-ID. Desse «tenestene» er av sentral betydning for digitaliseringa av kommunale tenester. Kommunane, KS, dei regionale helseføretaka og profesjons- og interesseorganisasjonar og staten inngår i desse nasjonale fora som er etablert på e-helseområdet.

¹ [Digital transformasjon og kompetansemodell](#) (Digdir, 2023)

² [Digital samhandling](#) (Digdir, 2023)

³ Direktoratet for e-helse (2023). [Høyringsuttale til NOU 2023:4 Tid for handling](#)

⁴ [Nasjonal rådsmodell for e-helse](#) (E-helse 2022)

⁵ [Nasjonal e-helsestrategi](#) (E-helse, 2023)

⁶ [Veikart for nasjonale e-helseløsninger 2021-2025](#) (E-helse, 2022)

⁷ [Teknisk berekningsutval for nasjonale e-helseløysingar](#) (E-helse, 2022)

Vi meiner at digitalisering og bruk av teknologi skjer ved å styrke gjennomføringskrafta på kort og mellomlang sikt med utgangspunkt i der vi er i dag - og i tråd med den nasjonale e-helsestrategiens fem målområde som sektoren stiller seg bak. Prioriteringar og retning framover er tatt fram og godt forankra med aktørane i sektoren, næringsliv og forskingsmiljø. Rådsmodellen for e-helse har prioritert satsingar for å auke gjennomføringskrafta. Innanfor ei avgrensa økonomisk ramme meiner direktoratet at vi bør følge tilrådingane om verkemiddelbruk slik rådsmodellen for e-helse legg vekt på (ibid, fotnote 4).

Vegleing

Direktoratet for e-helse støttar utvalet når det gjeld god vegleing og støtte til kommunanes digitale omstilling og innføring av bla. nasjonale felles e-helseløysningar. Vi vil peike på at det her allereie skjer mykje godt arbeid, både med støtte frå bl.a. helseforvaltninga (t.d. Helsedirektoratet og Direktoratet for e-helse).

Vi vil også vise til kommunal sektors ambisjonar med fem strategiske områder: Innbyggertenester, legemiddel, velferdsteknologi og digital heimeoppfølging, digitale fellesløysingar og digital samhandling:

- Kommunal sektors ambisjoner på e-helseområdet⁸

Det er behov for å styrke allmenn digital forståing. Det er avgjerande at helsepersonell kan kombinere en djupare digital forståing med innsikt i kliniske arbeidsprosessar – som grunnlag for å sjå potensialet for digital transformasjon. Dette må sjåast i samanheng med digital kompetanseheving, systematisk kvalitetsbetrigsarbeid og leiarsskap for endring og omstilling (jf. forskrift om kvalitet og leiing i helse- og omsorgstenestene).

- Innsatsfaktorane som krevst for å oppnå god gjennomføringsevne og omstilling er til dømes godt omtalt på velferdsteknologiområdet i kommunal sektor⁹.

Ad omtale av Felles kommunal journal og Akson

Direktoratet for e-helse viser til NOU 2023:9 si omtale av felles kommunal journal og Akson på s. 265. Det har skjedd vesentlege endringar her siste året med nye føringer frå regjeringa.

Selskapet Felles kommunal Journal Interim vart lagd ned i juni 2023. KS vidarefører i dag eit felles arbeid for å betre kommunanes journalar og deling av helseinformasjon i samarbeid med kommunane. Norsk Helsenett SF er ein viktig samarbeidspartner i dette som nasjonal tenesteleverandør¹⁰. Samstundes opnar regjeringa for at utvalde kommunar kan dele informasjon frå journalar innan kommunen ved hjelp av Norsk Helsenett¹¹.

Direktoratet for e-helse har fortsett særleg ansvar for oppfølging av digital samhandling via *Program digital samhandling*¹². I 2023 har programmet prioritert utvikling og utprøving av pasientens

⁸ [Kommunal sektors ambisjoner på e-helseområdet](#) (KS, 2022)

⁹ [Veikart for tjenesteinnovasjon](#) (KS, 2023)

¹⁰ KS- vidareføring av arbeidet med felles kommunal journal ([KS, 8. sept. 2023](#))

¹¹ HOD: Trygg deling av journalar og pasientdata ([8. sept. 2023](#))

¹² [Program digital samhandling](#) (E-helse, 2023)

legemiddelliste, tillitsrammeverk ved å ta i bruk dokumentdeling som teneste og utvikling, utprøving og nasjonal breidding av pasientens prøvesvar.

Direktoratet for e-helse har i 2023 utarbeidd eit oppdatert målbilete for digitalisering i helse- og omsorgssektoren, som skal erstatte eksisterande plan for utviklingsretninga av Éin innbyggjar – Éin journal. Målbiletet inkluderer sektorens arbeid med betre journalløysingar, digital samhandling og forventa effektar av helseteknologiordninga.

Regjeringa skal snart legge fram Nasjonal helse- og samhandlingsplan med ei heilskapleg framstilling av e-helsepolitikken dei neste fire åra. Nasjonal e-helsestrategi (ibid, fotnote 5) er eit viktig grunnlag i dette meldingsarbeidet. Nasjonal helse- og samhandlingsplan vil saman med ny folkehelsemelding og melding om helseberedskap vera dei overordna rammene for helse- og omsorgspolitikken¹³. Nasjonal helse- og samhandlingsplan blir ei melding som omfattar både den kommunale helse- og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta.

Direktoratet for e-helse har i samarbeid med helse- og omsorgssektoren utarbeidd ein strategi for digital sikkerheit som har vore på høyring hausten 2022. Oppsummeringa av denne høyringa inngår som bidrag i stortingsmeldinga om helseberedskap, som er varsla i løpet av 2023.

¹³ [Nasjonal helse- og samhandlingsplan](#) (HOD, 2023)